



-Det vert dramatisk reduksjon dersom tildelt ramme vert vedteken, skriv rektor Stig Berge-Soldal.

**Uskedalen.no er kjend med at det frå posisjonen føreligg framlegg til styrking av budsjettet for 2018. Styrkinga skal særleg gå til helse/omsorg og skule. Det er uvisst om framlegget til omstrukturering og kutt i brannvernet er ein del av denne auken. Midlane skal hentast frå auka uttak av det såkalla Karfffondet.**

Verksemdleiaren ved Uskedal skule skriv i sine merknader at om tildelt ramme vert vedteken, vil det føra til sterk reduksjon i drifta på skulen. Frå hausten 2018 vert dette særleg synleg med to færre lærarstillingar og ein mindre assistentstilling. Det vert også mindre bruk av delingstimar og fleire elevar pr. lærar/assistent. På SFO vert det ei minimumsbemanning.

I Grenda i dag kan vi lesa om brannvernet i kommunen og arbeidet med å rekruttera nye brannkonstablar. Brannropp Uskedalen er ikkje nemnd spesielt, men det ligg inne ei styrking av brannstasjonane i Rosendal, på Husnes og i Ølve.

Etter møte i Formannsskapet i kveld vert det gjort kjend om budsjettauken er tilstrekkeleg for å oppretthalda drifta på Uskedal skule og om brannstasjonen i Uskedalen er berga mot nedlegging.

Tekst og nett: Kristian Bringedal  
Arkivfoto: Thor Inge Døssland